



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1431 - 15/35009

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
16.11.2015

Gbnr214/3 Fyllingsnes. Oversending av vedtak for vurdering av klage.

Syner til uttale frå Fylkesmannen datert 07.05.2015, med referanse 2015/6169 421.3.

Plan- og miljøutvalet i Lindås kommune handsama klagen frå tiltakshavar som sak 145/15, og gjorde slikt vedtak:

«Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune har vurdert dei opplysningane og argumenta som er sett fram i klagen, sendt til kommunen av CARDO 8614 AS på vegne av søker. Kommunen kan ikkje sjå at klagen inneheld nye moment som er avgjerande for utfallet av saka.

Klagen vert ikkje teke til følge, vedtak gjort i sak 093/15 vert oppretthalde.

Saka vert sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Plan- og miljøutvalet - 130/15

PM - behandling:

Utvalet har motteke ein epost frå Trond Tystad i dag, der det blir bedt om utsetjing av saka til neste møte for å kunne ta ei befarung.

Framlegg frå I.Hindenes-Uavh:

Sak 130/15 vert utsett då søkjar ynskjer befarung. Søkjar vurderer at saka vil være best opplyst ved ei befarung. Plan- og miljøutvalet ber om at saka vert teken oppatt med befarung. Framlegget frå I.Hindenes-Uavh vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

Sak 130/15 vert utsett då søkjar ynskjer befarung. Søkjar vurderer at saka vil være best opplyst ved ei befarung. Plan- og miljøutvalet ber om at saka vert teken oppatt med befarung.



Plan- og miljøutvalet - 145/15

PM - behandling:

Utvalet var på synfaring før møte tok til.

Dokument lagt fram i møte: Tilleggskriv frå Cardo mottatt 06.11.15 og rapport frå NNI Resources AS "Naturtomt på Fyllingsnes, Lindås kommune. Vurdering av naturforhold og ressursgrunnlag".

Framlegg frå Sæbjørg H. Kjeka-Krf:

Saka vert utsett, slik at administrasjonen får høve til å ta seint innkomne dokument med i vurderinga.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (Sæbjørg H.Kjeka-Krf, Malin Knudsen-Krf, Jørgen Herland-Sp).

Framlegg frå Ingrid Fjeldsbø-H:

Plan og miljøutvalet gir klagar medhald i klagen over avslag gjeve i sak 93/15. Plan og miljøutvalet kan ikkje sjå at strandsona ikkje blir bevart som natur- og friluftsområde om ein gir dispensasjon til frådelling av grunneigedom. Kulturlandskapet ser me heller ikkje vert vesentleg satt til side. Adkomst til eigedomen vil skje mot anna privat veg. Området rundt er bebygd i nærast rett linje i forhold til avstand til sjø. Plan og miljøutvalet set som vilkår at veg, vatn og kloakk er sikra før det blir gjort kartforretning. Etter ei samla vurdering meiner Plan og miljøutvalet at fordelane er klart større enn ulempene.

Framlegget vart vedteke med 6 røyster (Karl Vågstøl-H, Ingrid Fjeldsbø-H, Anita Høgquist-Frp, Geir Ove Hopsdal-Frp, Olav Myhr-Krf, Jørgen Herland-Sp).

PM - vedtak:

Plan og miljøutvalet gir klagar medhald i klagen over avslag gjeve i sak 93/15. Plan og miljøutvalet kan ikkje sjå at strandsona ikkje blir bevart som natur- og friluftsområde om ein gir dispensasjon til frådelling av grunneigedom. Kulturlandskapet ser me heller ikkje vert vesentleg satt til side. Adkomst til eigedomen vil skje mot anna privat veg. Området rundt er bebygd i nærast rett linje i forhold til avstand til sjø. Plan og miljøutvalet set som vilkår at veg, vatn og kloakk er sikra før det blir gjort kartforretning. Etter ei samla vurdering meiner Plan og miljøutvalet at fordelane er klart større enn ulempene.»

Saka vert sendt til fylkesmannen for vurdering av om dei vil klage over avgjerda gjort av plan- og miljøutvalet. Fylkesmannen sin frist for handsaming er tre veker.

Med helsing

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kopi til:

Renate Riska Waldow og Knut
Fyllingsnes
Cardo 8614 AS

Fyllingsnesvegen 5913
67
Strandkaaien 16 5013

EIKANGERVÅG
BERGEN

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN